# BOKN BYGDABLAD



*Nr 7 september 2003 - Årg. 18*

www.bygdabladet.no






**Spørsmål & svar** - s. 4



**Utmeldingar** - s. 9



**Energisparing** - s. 14

Bokn
kommune

Kusymre
kommuneblom i Bokn





# ORDFØRAREN HAR ORDET

**Foreldrebetalinga i barnehagen**

Som eg skreiv i sist nummer skulle eg komme tilbake til foreldrebetaling i barnehagen. Formannskapet har innstilt til kommunestyret om at foreldrebetalinga blir sett ned til 2 500,- kr pr.mnd. for heildagsplass 5 dagar i veka, i tråd med regjering og Stortinget si forutsetting.

Med all sannsynlighet vil kommunestyret vedta dei nye satsane og dei vil gjelde frå september -03, før fristen til regjeringa, som er 1. april 2004.

**Omsorgsbustader**

Bygginga av nye omsorgsbustader går bra, litt etter planen, og vil vera klare til bruk i november-03. Formannskapet har innstilt på nye husleigesatsar i omsorgsbustadene frå kr. 3 500,- til 4 600,- kr alt etter storleik og om det er nye eller gamle leiligheter.




**PR. 05.09.03: Ein del av dei nye omsorgsbustadene**

**Fylkesdelplan for Haugalandet**

Ei anna stor og viktig sak som kommunestyret skal uttale seg om er fylkesdelplan for Haugalandet. Planen vil bli retningsgivande for kommunal og statleg planlegging samt sikre interkommunal samordning. Det er derfor svært viktig at me får ein plan som sikrar ei god utvikling av Bokn. Planen legg opp til, etter mi og formannskapet si meining, for sterk sentralisering med strenge krav til lokalisering av bustader og næring, t.d. mulighet for kollektiv transport, ikkje bruk av bil og høg arealutnytting.

Spredt bustadbygging blir svært vanskelig. Altså høg befolkningskonsentrasjonar, noko Bokn vil ha problem med å få.

I forslag til vedtak vil formannskapet ta bort nokre retningslinjer som styrer etableringar mot sentrale strøk og gi større mulighet for spredt bustadbygging i distrikta. Formannskapet vil og endre på retningslinjene som beskriver antall bustader pr. da., slik at me får mulighet til å tilby store bustadtomter. Tiltak for å møte distrikta sine utfordringar er ei mangelvare i planen og burde vore tatt meir på alvor.

**Bompengar**

Ei anna stor sak er utfordringar og kostbare utbyggingar på samferdselssektoren som regionen står framfor, samstundes som det er store gap mellom behov og det ein kan forvente å få finansiert frå staten. Skal Haugalandet følge med i utviklinga og vere ein foretrukke plass for etableringar må me ha eit godt utbygget vegnett. Det er eit faktum at staten ikkje bevilgar nok penger til den vegutbygginga som me må få til.

Eg er då på jakt for å finne løysningar på dei problema me har på samferdselssektoren og då kan det synast som bompenger kan vere ei løysing. Så framt at regionen står bak og at alle kommunane får utbyggingar kan eg vere med på å akseptere bompenger. Formannskapet var enstemming på dette og kommunestyre vil avgi den endelege høyringa.

Dette kan vere det siste innlegget eg har, sidan neste bygdablad ikkje kjem ut før etter valet. Eg vil derfor takke for meg for denne perioden, og håper at de har vore fornøgd med meg som ordførar. Noko kunne eg heilt sikkert gjort betre, men eg har gjort mitt beste for dykk og Bokn.

Til slutt vil eg gjenta oppfordringen om å bruke stemmeretten 15/9.

Godt val!

*Svein Ove*

VAL 2003

# Val av kommunestyre og ordførar i Bokn

Gro Sørensen

15. september er dato for val av kommunestyre- og fylkesting for perioden 2003 – 2007.

Det skal også velgast ordførar for dei 4 neste åra. I Bokn skjer dette ved direkte val. Val av ordførar skal skje samstundes med kommunestyrevalet, enten ved førehandsrøysting frå 11. august 2003 eller på valdagen 15. september 2003.

Du kan førehandsrøysta i servicetorget frå kl. 09.00 til kl. 15.00 frå måndag 11. august til fredag 12. september. Alle veljarar i Bokn har fått tilsend valkort til bruk ved førehandsrøysting. Ta med valkortet dersom du vil røyste på førehand. Har du ikkje fått valkort eller har mista det, kan vi laga nytt på røystestaden, i Servicetorget.

- **På valdagen 15. september 2003 har vallokalet ope frå kl. 09.00 til kl. 20.00. Vallokalet i Bokn er Allrommet på Boknatun.**

Hugs å ta med legitimasjon.

**Slik røystar du:**

Vallov med forskrifter er noko endra frå førre val. Nå er det ikkje lenger lov til å stryka kandidatar på lista. Men du kan gi ein eller fleire kandidatar ei personrøyst (kumulere) ved å setja eit kryss i ruta til venstre for namnet til kandidaten du vil gi personrøyst . Dette vil auka sjansen for at vedkommande blir valt. Du kan også gi personrøyster til kandidatar frå andre lister. Dette gjer du ved å føre opp kandidatnamnet i feltet merka med "Kandidatar frå andre lister". Dersom du gjer dette, vil ei forholdsvis del av røysta bli overført til den andre lista.

Bruk svart penn eller blyant og skriv tydeleg.

Røystesetlane til kommunevalet er kvite, til fylkestingsvalet er dei blå.

**Val av ordførar.**

Ved val av ordførar skal du nytta eigen røystesetel som har rosa farge og røyste på den av kandidatane du ynskjer skal vera ordførar dei kommande 4 åra. Namnet på ordførarkandidatane står på røystesetelen og du røystar ved å setje eit kryss i ruta til venstre for kandidatane du vel. Ein kan ikkje røyste på andre kandidatar enn dei som står på røystesetelen.

Den av kandidatane som får flest røyster, er valt som ordførar. Dette føreset av at minst 50 % av dei som har røysta ved kommunevalet også har røysta på ein av ordførarkandidatane.

Du treng ikkje røysta på ordførarkandidat sjølv om du røystar ved kommunestyrevalet. Det er mogleg å røyste på ordførar sjølv om du ikkje røystar på kommunestyre eller fylkesting.

Når ein kjem inn i vallokalet og har blitt avkryssa i manntalet, vil ein bli vist til sjølve røysteavlukket der det personlege valet blir gjort. Før ein går ut av røysteavlukket skal røystesetelen/setlane brettast på midten med vallista inn i dokumentet slik at di røyst er hemmelig. Deretter tar du setelen/setlane med deg ut til røystemottakar som stemplar setelen/setlane. Du må sjølv legge røystesetlane i urna. Deretter skal vallokale forlatast.

Ein skal ved valet i haust ikkje bruke konvoluttar når ein røyster på valdagen.

Derimot skal ein nytte røystesetelkonvoluttar når ein røystar på førehand. Røystesetelkonvoluttar får ein på røystestaden når ein skal røyste på førehand.

**Til slutt får ein ynskje alle eit godt val.**

# Køyring på valdagen



| | | |
|---|---|---|
| **Vestre Bokn:** | | |
| Are | kl. 10.00 | |
| Loten | kl. 10.10 | |
| Grønnestad | kl. 10.20 | |
| Gunnarstad | kl. 10.25 | |
| Alvestadkroken | kl. 10.35 | |
| Føresvik | kl. 10.45 | Retur: 12.00 |
| **Austre Bokn:** | | |
| Kro | kl. 11.30 | |
| Våga | kl. 11.40 | |
| Føresvik | kl. 11.50 | Retur: 13.00 |

# Spørsmål og svar

Jardar Havikbotn

I forrige nr. oppfordra Bygdabladet lesarane til å stilla spørsmål til dei folkevalde, og her kan me presentera resultatet.

Takk til dei som har sendt inn spørsmål, og takk til politikarane som har svart på dei!

Kanskje blir tvilarar sikre på kven dei skal stemma på etter å ha lese dette? Og så kan alle abonnentane som ikkje skal stemma i Bokn sjå kva veljarane i kommunen er opptekne av.

*- redaktøren -*

? **1. Tusenårsplass er etablert. Her er sjelden besøkande å sjå. Kva blir gjort for at staden skal fungere som ein møteplass for innbyggarane?**

Dette er ei utfordring både for kulturetaten, skulen, Bokn Historielag, Bokn Idrettslag og Karmsund Folkemuseum. T.d. kunne det leggjast opp til ein fast arrangementsdag i månaden då det blei slept vatn på kverna og ein fekk smaka mat av mjølet. Dette kunne samordnast med eit turopplegg som også omfatta museet med guiding der og bruk av idrettsplassen med leik og idrett for born og ungdom.

+ ordf. Det er beklageleg at Tusenårsplassen med kvernhuset ikkje blir meir brukt. Det vil nå bli kjøpt benker og bord til plassen. Det er då eit håp at folk lettare kan sette seg ned og ta ein drøs, samtidig må det oppfordrast til bruk av plassen, t.d. skulen, barnehagen, frivillige lag eller eit søndags føremiddagstreff?.

Vi har vore med å etablert Tusenårsplassen, og har ansvaret for infrastrukturen der. Denne perioden har vi ikkje kunna prioritert Tusenårsplassen foran skule og helse, og det ser heller ikkje ut til å bli rom for store investeringar i neste periode.

Tusenårsplassen er aktivt brukt av skulen. Organisasjonar og lag må kunne ta i bruk plassen. Dei må sjølv ta initiativ. Det kan setjast opp benkar.

? **2. Nærmiljøanlegget ved Bokansundet er fortsatt ikkje ferdigstilt på ein måte som gjer det attraktivt som møteplass for bade- og sjøliv. Kva blir gjort?**

Vår meining er at byggesteg 3 for anlegget nå må setjast ut i livet. Det inneber mellom anna å setja opp levegg, leplanting og sjøhus.

+ ordf. Det er nå lagt ned store beløp, frå kommunen og tippemidlar, på Fyren nærmiljøanlegg. Etter mi meining er nærmiljøanlegget godt tilrettelagt for bade- og sjøliv gjennom sandstrand m/sandvolleyball, fotballbane, molo og friområder med benk og bord.
Sjølvsagt kunne det vore gjort endå meir, men det vil bli ei prioritering om det skal brukast meir penger på området, og foreløpig vil ikkje eg og Høyre prioritere bruk av penger her.

Er positive til å ferdigstilla anlegget, men dette må vurderast i kommande års budsjetter.

Vi vil arbeda for å få nærmiljøanlegget ferdigstilt.

? **3. Kommunen sin museumsbygning er i dårlig forfatning og museumsbesøket er dalande. Kva blir gjort for å skape nytt liv i denne "kulturskatten"?**

Tida er nå overmogen for – i samarbeid med Karmsund Folkemuseum - å få gjennomført ein tilstandsrapport både for samlingar og bygningar. Denne rapporten må så bli grunnlaget for ein prioritert vedlikehaldsplan. Museet må også som tidlegare ha fast opningstid om sommaren.

+ ordf. Museumet på Bokn har vore drive av frivillige, som har lagt ned ein fantastisk fin innsats for å få det museumet me har. Nå har dei frivillige gått litt tomme samtidig som det er ei museumsreform med penger frå staten til å få meir aktivitet i museuma rundt i landet. I denne saken er det og snakk om at museumet på Bokn skal bli ein del av Karmsund Folkemuseum. Saman med ei løyve på 30 000,- frå kommunen til vedlikehald er håpet at det skal bli nytt liv i museumet. Å få bygd nytt museum er eit stort løft og vil ta tid for å få realisert.

Til vedlikehald er det løyvd pengar, men ein må på sikt prøva å flytta heile bygget til ein meir sentral plass. Å få til aktivitetar er ikkje noko vi berre kan gjera eit politisk vedtak på, her må både private og organisasjonar vera med.

Det skal lagast ein ny museumsplan og vi vil arbeide for i samarbeide med interkommunalt museumsutval å samle Bokn museum ved Tusenårsplassen.

? **4. Kommunen har store næringsareal ved Knarholmen som ikkje er i bruk. Her ligg mykje "død kapital" som kunne vore brukt til andre gode formål. Kva blir gjort konkret for å få solgt eigendommar og skape aktivitet?**

Dette er noko det er lagt ned store ressursar på sidan anlegget var nytt. Men det er grenser for i kvar grad det kan leggjast til rettes for ulik verksemd, mellom anna fordi Kystverket har klausulert områda ned mot sjøen.

Det er synd at me ikkje har lykkast med å få fleire etableringar i Knarholmen, men me må ikkje gløyma at det er 20-25 arbeidsplasser knytta til Knarholmen. Me har prøvd å markedsføre næringsarealene gjennom annonser og direkte kontakt med fleire firma, og det vil bli ei prioritert oppgave for meg, viss eg blir ordførar. Områda nede i Knarholmen tilhøyrer ei fiskerihavn, som gjer at der er begrensninger på kva aktivitet me kan ha i sjølve havna.

HØYRE + ordf.

Areala opp for havna er regulert til næring og eg vil ikkje gå for omregulering til for eksempel bustad nå. Me kan ikkje gi opp mulighet for næringsetablering endå, Bokn må kunne tilby områder for næringsetablering.

Området er regulert, og blir markedsført på fleire stader. Eit tiltak som har vore diskutert er eit kommunalt utleigebygg, men dette krev kapital og intreserte næringsdrivande.

Knarholmen er eit område som Bokn kommune har tilrettelagt for industri og som alle ynskjer å få teke i bruk. Vi vil arbeida for at det vert sett av midlar til å byggje industribygg som kan leigast ut. SP har og ein sentral næringspolitikk som vil stimulere næringslivet i distrikta og som vil at større fond til stimulering av nyetableringar skal styrast av kommunane og ikkje frå sentralt hald.

? **5. Fiskerihamnene i Alvestadkroken og Føresvik er dårleg utnytta både på land og sjø. Vil det bli tatt initiativ til arealbruksendring som kan gi grunnlag for større aktivitet?**

For det fyrste meiner me at hamna i Alvestadkroken **er** effektivt utnytta. Når det gjeld hamna i Føresvik, er det to tilhøve som gjer det vanskeleg å få til betre utnytting. Det eine er kompliserte eigedomstilhøve kring hamna. Det har ikkje mangla på forsøk, men det har vist seg svær tungt å få alle interessentar med på ein overordna og samordnande plan. Eit anna tilhøve, er at hamna framleis er fiskerihamn. Det inneber at utviklinga av hamna langt på veg heng på Kystverket. Men der me kan, vil me virka for ei betre utnytting av hamna.

Når det gjeld havna i Føresvik er det forslag om reguleringsplan, kor eigarar, naboar og kommunen har deltatt i prosess. Det har tatt tid å få ein avklaring om utbygging hjå Bokn Plast AS. Nå er utbygginga avklart og planen vil bli lagt fram for behandling snart. Planen inneber sjøhus, forretning, bustad, industri, off. friområder og småbåtplassar. Det er og noko eigendomforhold som ikkje er heilt avklart slik at det kan ta litt tid før deler av gjennomføringa kan skje. Eg og Høyre er innstilt på å vere med på å gjere det meir attraktivt og stelt rundt havna i Føresvik

HØYRE + ordf.

Eg ser for meg at det blir ein liknande prosess for havna i Alvestadkroken som avgjer korleis havna skal brukast. Havna her er og ei aktiv fiskerihavn og dette set begrensning på utnyttinga.

Det er avgjerande for auka aktivitet at planane er i samråd med grunneigarane.

Vi er enige i at her må ein setja større fokus på området og utnyttelsen, men det må vara i samarbeid med grunneigarane, dette er vanskelig så her må ein ile langsomt.

Vi vil arbeide for at havnene blir gjort betre med mudring. Det er no tid for å utrede grunnlag for større aktivitet i samamrbeid med brukarane av havnene. Me har og eit ynskje om å aktivt stimulere til etablering av marinverkstad.

? **6. Kommunen sitt idrettsanlegg (løpebane) er ubrukeleg. Løpebanen må fungere for å skape nytt liv for friidrettsøvelsar som eitt av mange tilbod for å styrke barns fysikk. Kva blir gjort?**

Dette er teke med i budsjettet og arbeidet har starta. Me håpar difor at det raskt kan leggjast nytt dekke og sand. Men me vil så langt me kan, stimulera miljøet kring idrettshuset i håp om at idrettsbanen blei stadig meir nytta i samband med ulike arrangement.

Løpebanen er klart ubrukelig som du påpeikar. Ei gruppe av brukarar vil lage ein samla plan for opprusting av uteområdet ved klubbhuset, idrettsbanen, skulen, barnehagen og Boknatun. Det er avsett pengar i kommunen samtidig som det vil bli søkt om spelemidler til oppgraderingan. Eg er opptatt av dette arbeidet og vil raskt prøve å få ei avklaring om tiltak, og det kan bli aktuelt med ein oppgradering av løpebanen og andre tiltak før ein har fått svar på spelemidler.

HØYRE + ordf.

Er klar over løpebanens dårlige forfatning, og det er mest kvart år vore forslag på midler til vedlikehald, som så er vorte strøke for å få budsjettet til. Vi må nok i fellesskap laga ei prioritert liste over ting som må ha større vedlikehald på kort og på lang sikt å få det inn i budsjettet.

Idrettsanlegget er i dårleg forfatning. Senterpartiet har allereie foreslått og fått gjennomslag for ei hurtigarbeidane gruppe som skal arbeide med heile uteområdet rundt idrettshus, skule og barnehage. Det er vår ide at det kan søkast om midler til nærmiljøanlegg i dette området og at ein kan få tippemidler til dette. Her vil oppgradering av løpebane, ballbinge, klatrestativ, beplanting og utearealet bli sett på som

ein heilskap. Denne planen må komma fort opp og me vil fylgja det tett opp i neste periode.

? **7. Kommunen har ansvar for førebyggande helsearbeid generelt. Kva planar føreligg?**

Dette er arbeid som må starta med borna, fylgjast opp med ungdommen og eigentleg drivast livet til ende. Konkret må MOT-prosjektet i samarbeid med politiet fylgjast opp. Vidare bør dei større arbeidsplassane i kommunen kunna gå saman om eit felles trimrom for førebyggande trening. Elles går me inn for at også Bokn må få utarbeidd ein eigen smittevernplan.

HØYRE + ordf.

Førebyggande helsearbeid er mykje og kommunen gjer mykje, men kan sjølvsagt gjere mykje meir. Frivillige lag og organisasjonar som BIL, Bork, Røde Kors, Speidaren og andre er viktige, og det er viktig å støtte dei, noko me gjer. Skulen og barnehagen er sentral med informasjon og aktivitet. Dagsenter er eit godt tiltak for eldre. Eige aktivitetshus for ungdom og trafikktryggleik er andre døme på førebyggande helsearbeid. Eg og Høyre er opptatt av førebyggande arbeid, me må ikkje berre drive "brannslukking", og vil støtte opp under dette arbeidet.

Det er utarbeida helseplan for Bokn, men probleme er å finna nok penger til mange gode formål . KrF vil prioritera psykiatritenester og styrka nettverk som kan forebyggja einsemd og sosial isolasjon.

SENTERPARTIET

Førebyggjande helsevern er eit personleg ansvar, men me vil vera med å støtta opp om tiltak som gjer at det vert betre tilrettelagt. Eksempler kan vera å støtta lag og organisasjonar som driv har som mål å få barn, unge og vaksne ut i aktivitet. Trimrom, ridebanar og friluftsaktiviteter for å nemna noko.

? **8. Foreslå ei sak du vil arbeide for som du trur vil sette "Bokn på kartet"**

Noko som andre stader har vist seg å setja kommunane på kartet, er dei historiske spela. Det er gjort nokre tankar om eit eige boknaspel og desse kunne det vore spennande å fylgja opp! Eit anna tiltak det har vore arbeidd med ei stund, er eit hestesenter.

HØYRE + ordf.

Eg trur at "Rogfast", tunnel under Boknafjorden mellom Bokn og Randaberg kan vere den enkeltsaka som vil sette Bokn mest "på kartet".

Få fram Bokn sin strategiske plasering kominikasjonsmessig for busetjing og næring.Ridebane med tilleggsaktiviteter i område ved Sandvika vil endå meir kunna setja Bokn på Norge og europakartet.

SENTERPARTIET

Bokn skal vera ein så god stad å bu for alle generasjonar at det vert lagt merke til " Med hjartet i Bokn". Det å sørge for at dei kommunale tenestene er i toppklasse vil setje Bokn på kartet. Me kan sjå på oppslag i aviser frå barnehagen som var ute med teiner, skulen som jobba med storyline og Bokn-modellen innan helse og omsorg. Det å heile tida som politikarar å vera sitt ansvar bevisst at dette er tenester som skal kvalitetssikrast vil gjera at Bokn kjem på kartet som ein god kommune å høyra til i.

? **9. Kommunen manglar turstiar som er attraktive for folk flest. Kva for nokre tiltak blir iverksett for å gjere naturen betre tilgjengeleg?**

Dette har me programfesta å fylgja opp.

HØYRE + ordf.

Bokn har i dag to merka opparbeida turstiar, Boknafjellet og Føresvik, og me har prøvd å få utvida turstien i Føresvik utan å få til ein avtale med grunneigarane. Bokn har og mange andre fine turmuligheter utan at dei er opparbeida og merka turstiar, t.d. Ådnaneset, Borgenvik, Vardafjellet og på Loden. Eg vil få avtale om merking av løyper med grunneigarane og at det blir postar rundt om på Bokn som me kan gå til og få poeng eller liknande. Idrettslaget og friluftsrådet vil her vere samarbeidspartnarar.
Bokn har óg mange flotte friluftsmuligheter på sjøen og eg ser for meg at me kunne gjort meir i "Humrarparken".

KrF går inn for å tilretteleggja Boknafjellet som utsiktspunkt med kikkert og sitjeplasser. Vi vil også arbeida for å prøva å få til ein sti ned frå fjellet på nordsida slik at ein kan få til ei rundløype. Gamle kulturminner må gradvis få info. tavler slik at vi får vita kva vi ser når ein er ute å går, og gamle ferdselvegar bør på sikt opparbeidast.

SENTERPARTIET

Det er laga planar for turstiane og desse må me fylgje opp, no vil me i fyrste omgang fylgje opp samarbeid med friluftssrådet og dei felles palnane som ligg føre.

? **10. Vil du inngå drøftingar med Tysvær kommune for å kartlegge fordeler og ulemper ved ei kommunesamanslåing?**

Me har meir tru på gode samarbeidsløysingar kommunane i mellom. Me vil virka for at Bokn kan vera ein brubyggjar og fremja eit best mogeleg samarbeid mellom kommunane på Haugalandet. Det overordna må alltid vera at innbyggjarane får eit best mogeleg servicetilbod.

HØYRE + ordf.

Etter mi meining er Bokn avhengig av eit godt interkommunalt samarbeid på fleire felt. Det vil bli vanskeleg for Bokn å ha kompetanse på alle felt, samtidig som økonomien vil gjere at me må ha ei rasjonell drift og då er me avhengig av å få til eit sammarbeid med andre kommunar. Det er og viktig for Bokn at eit slikt samarbeid ikkje berre medfører at me skal kjøpe/få den kompetansen frå andre, men og at nokre fagmiljø blir på Bokn og utfører tjenester for andre kommunar.
Lykkast me ikkje med dette så vil eg tru at me må sjå på fordeler og ulemper med ein kommunesam-

manslåing med Tysvær.

Krf har ingen planar om dette.

Me har ingen drøftingar om å gå inn for samanslåing, men me jobbar for eit tettare samarbeid. Det har vist seg i praksis er vankeleg då Tysvær er lite interessert i dette i praksis.

**11. Kva er den viktigaste næringslivssaka du vil satse på dei nærmaste fire åra?**

I desse dagar er det faktisk viktigast å støtta det eksisterande næringslivet mest mogeleg. Elles ynskjer me så langt råd å fylgja opp arbeidet med å utvikla Haugaland Næringspark og leggja vidare til rettes for reiselivsnæringa.

+ ordf.
Mulighet for eit reiselivsanlegg burde absolutt vere til stede, samtidig som etableringar i Knarholmen må komme.

Tilretteleggja og utbetra infrastrukturen, gi næringslivet gode og stabile rammevilkår, og ta vare på de næringslivet vi har.Oppmuntra til utvikling av nye produkter og tenester.Til retteleggja for vidare utvikling av naturgrunnlaget for jordbruk og fiske. Samarbeid med andre kommunar på Haugalandet om industriområder og næringsutvikling.

I vår tid blir det hevda at det ikkje lenger er "bedriftsøkonomisk forsvarleg" å la folk busetta landet vårt. Det er feil! Noreg har gjennom sine naturressurser ein unik mulighet til å utvikla eit næringsliv som bidrar til spredt busetting. Senterpartiet vil snu tendensen til at lokalsamfunn med naturressurser får stadig mindre igjen for verdiane som blir skapt. Mest muleg av den lokale verdiskapinga skal komma lokalsamfunnet til gode.
Me vil føra ein aktiv næringpolitikk og samarbeid på interkommunalt nivå må opprettholdast. Vidare må ein samarbeide tett med næringsforumet og få i gong møtestadar kor knopskyting frå eksisterande næringsliv og nyetablering vert stimulert og støtta.

**12. Kva for nokre tiltak vil du prioritere for å auke busettinga i kommunen?**

Dette har eigentleg vore den raude tråden i alt politikarane har gjort i bygda den siste generasjonen. Difor er det satsa på barnehage, skule og byggefelt. Også i programmet vårt er dette den raude tråden og gjer at me i komande periode vil ha unge familiar som hovudsatsingsområde.

+ ordf.
Attraktive bustadtomter med mulighet for båtplassar er viktige, samtidig som me må ha arbeidplassar på Bokn eller i nærleiken, Kårstø eller Gismarvik. Trygge og gode oppvekstvilkår for barn og unge er forhold som eg trur vil avgjere kor folk vil etablere seg i framtida, og då må me vere av dei beste på det området.

Atraktive bustadtomter, spredd bustadbygging der tilhøva ligg til rette for dette. Barnehage til alle som ynsjer dette, høg kvalitet på skule og eldreomsorg.

Auka bosetting vil me arbeide for gjennom å leggja planar for spreitt boseting inn i neste arealplan. Slik at det vert mogleg å busetje seg og bygja utanom byggefelt.

**13. Vil det bli reduksjon i foreldrebetalinga i barnehagen i tråd med det som Stortinget og regjeringa har vedtatt, og når blir dette sett i verk?**

Det er vedteke innført satsar på kr. 2.500,- månaden frå 1. sept. i år.

+ ordf.
Under behandling i kommunestyret 10. sept. vil eg og Høyre gå inn for å redusere foreldrebetalinga ned til 2 500,-, i tråd med det Storting og regjeringa har vedtatt. Eg ser også for meg at me vil redusere foreldrebetalinga meir, så lenge regjering og Storting følger opp med meir ressurser.

Vi går inn for at foreldrebetalinga i barnehagen blir redusert så snart formell vedtak er gjort.

Reduksjon i barnehagebetalinga er allereie bestemt og me vil sjølvsagt fylgja det Stortinget vedtek.

**14. Tilbod om ungdomsbustader er viktig for å førebyggja fråflytting. Når blir det sett i gong bygging av fleire bustader?**

Etter åtte år blir nå dei gamle omsorgsbustadane frigjorde til anna bruk. Om det skulle trengjast, kan dei også brukast av ungdom. Så langt me kan sjå, er tilbodet på dette området dekka nå om dagen.

+ ordf.
Eg og Høyre vil ikkje prioritere bygging av fleire kommunale ungdomsbustader nå. Kommunen har ikkje økonomi til det og det er mulighet til å skaffe seg leilighet privat eller kommunalt.

Det blir neppe bygd nye ungdomsbustader med det første , men dei gamle aldersboligane blir om kort tid frigjort slik at dei kan leigast ut til kven som helst.

Bokn kommune har i dag mange boligar for utleige. Me har ingen konkrete planar om meir bygging. Det må fyrst vera ein stor etterspurnad etter fleire ungdomsboligar.



**15. Vil det bli innført støtte til arbeidsreiser frå Bokn?**

Det er svært vanskeleg å få til eit rettferdig system og blir difor ikkje prioritert.

Innføring av pendlar tilskudd har vore vurdert tidlegare utan at det blei vedtatt. Eg og Høyre kan nok vær med på å vurdere det på nytt, men eg trur det blir vanskelig å finne brukande, rettferdige, løysningar samtidig som det blir vanskelig å finne penger på budsjettet.

Dette må i budsjettsammenheng vurderast saman med mange andre gode ynskjemål, KrF er positiv til dette.

Senterpartiet har ingen planar om å innføre pendlarstøtte.

**16. Vil kommunen vere med å tilrettelegge for betre kollektivtransport mellom Bokn og Haugesund i helgene?**

Me vil støtta at det vert sett opp ekstrabussar for ungdom under 18 år ved spesielle arrangement både i Haugesund og Aksdal.

Som ordførar har eg fleire gonger arbeidd for å bevare ordninga med ungdomskortet, noko me har lykkast med inntil vidare, i tillegg til eg har tatt opp med Haugaland Billag om mulighet for å få nattbussen ut til Bokn. Eg og Høyre vil arbeide for å få til ei køyreordning i helgene, buss, taxi eller annen ordning.

KrF er positiv til dette, men ein må først undersøkja behov og kostnad før ein kan ta stilling til dette.

Senterpartiet vil arbeide for eit utvida busstilbod både internt gjennom billeg taxi/buss for ungdom slik som for eldre og at kveldsbussar frå Haugesund kan gå heilt til Bokn og ikkje stoppa i Tysvær slik som no.

**17. Kva vil vera dei viktigaste kommunale verkemidla for å støtta landbruksnæringa i Bokn?**

Kommunen har nett vedteke ein landbruksplan som mellom anna legg vekt på å støtta nydyrking. Me støttar denne planen.

Kommunen har ordning med tilskot til nydyrking og grøfting. Det er gitt tilskot og hjelp ved etablering av tilleggsnæring eller alternativ drift. Me vil støtte for eksempel samdrift.
Vannverket er bygd ut for å tilfredstille strengare krav til kvalitet, her gjenstår fleire utbyggingar og det er å håpe at økonomien kan tillate at me får bygge ut vannverket meir.
oppretta Bygdaservice med hjelp frå kommunen.
I landbruksplanen er stell av utmark for å hindre gjengroing tatt opp som ein utfordring, og eg og Høyre vil vere med på å finne tiltak som kan hindre det.
Ellers trur eg at kommunen med landbrukskontoret kan bli betre som ei støtte og hjelp til bøndene for korleis ein skal møte strengare krav i lovar og forskrifter.
Eg og Høyre vil og vere positiv til søknader frå bønder som søker om ulike tiltak på eigedommane sine, for eksempel næring, dyrking, bustader eller bruk av stein frå Rogfast.

I tillegg til det vi har i dag, vil vi arbeida for å gi støtte til samarbeidsprosjekter, og vurdera støtte til kjøp av mjølkekvote.

Bokn kommune er no i ferd me å legja siste handa på ein landbruksplan for kommunen. Denne har næringa sjølv vore sterkt innvolvert i og me vil fylgje opp dei tiltaka som er foreslått der. Vidare vil me vera positive til bønder som vil prøve å etablere tilleggsnæringar og nisjer. Landbruket er mykje styrt frå sentralt hald og me vil vera på vakt mot å påleggje næringslivet ekstra belastning som til dømes montering av vannmålar og dei ekstra avgiften som det medfører. Me vil og arbeid for å sikre bøndene avløysar ved sjukdom og prøve å få ein eigen kommunal avløysar som kan brukast av både landbruket, fiskerinæring, oppdrettsnæring og kommunen.

**18. Vil det bli bygd symjehall i Bokn i løpet av dei neste fire åra?**

Symjehall kunne nok vore ynskjeleg, men driftskostnadane gjer det ikkje realistisk.

Eg trur ikkje det vil bli bygd symjehall på Bokn dei neste fire åra. Ein symjehall er svært dyr i drift i tillegg til store kostnader ved å bygge den. Eg trur heller me burde arbeide for å få bygd ein idrettshall.

Vi har ikkje råd til å byggja og enda mindre til drift.

Symjehall er eit godt tiltak, men er dyrt å halda i drift. Det må vera mogleg å utreda dette dersom ein kan nytte biligare måtar å varme opp og rense vatnet. Men så langt har me ikkje tru på at det kjem i neste periode. Dette er eit ekstra gode som vil vera populært, men me har og ansvar for ei god økonomisk drift og må sikra gode omsorstilbod, god skule og god barnehage fyrst. Dersom det vert mange utbyggingar på Kårstø og me får betre økonomi er det absolutt verdt å vurdere.

Dei folkevalde oppfordrar alle til å bruke stemmeretten og ynsker alle eit **godt val**.



# Utmeldingar i Bokn KrF

## - får ingen verknad for kommunevalet og KrF-lista i Bokn -

Jardar Havikbotn



**Parti- og styreleiar Sigmund Alvestad (bildet) er saman med ein vararepresentant den einaste som er att av styret i Bokn KrF, etter at totalt 7 stk. melde seg ut av lokallaget, for å protestera mot den behandlinga den frikjende Jan Birger Medhaug har fått av Fylkesstyret i Rogaland KrF.**

Medhaug blei som kjent vraka som førstekandidat til fylkestingsvalget i forhandlingsmøtet fylkesstyret hadde 3. september.

- Me hadde varsla dei på førehand at om resultatet blei slik som det blei ville ein stor prosent av lokal-lagsmedlemmene våre melda seg ut i protest, seier styremedlem Eva Brunborg Svendsen til Bygdabla-det.

Eva poengterer at Medhaug er frikjend og er oppgitt over utviklinga denne alvorlege saka har fått. Ho er ikkje i tvil om at partiet er skada og trur at det vil koma fleire utmeldingar framover.

Andre som har lagt ned styreverva sine til støtte for Medhaug er Gunvor Øvrebø, Ingrid Blikshavn, Marie Vågshaug og vararepresentant Edvin Øvrebø.

**Lojale til partiprogram**
Sigmund Alvestad vil presisera at situasjonen som har oppstått ikkje vil ha noko å seia for valet 15. september.

- Listekandidatar som er utmelde av partiet vil vera lojale mot partiprogrammet vårt.

Han reknar med at nytt styre må velgast på ekstra-ordinært årsmøte.

# Kulturprisen 2003



**Bokn driftsstyre vedtok 19. august at Inger Sønnøve Bokneberg skal få Bokn kommune sin kulturpris 2003.**

**I vedtaket frå Driftsstyret heiter det:**

"Prisvinnaren har som formann i Bokn sanitets-forening i 25 år utført eit omfattande kultur- og omsorgsarbeid. Inger Sønnøve har ikkje spart seg i arbeidet med å ad-ministrera foreninga og i det praktiske og jordnære foretaket ho har stått i spissen for.

Det kan nemnast sykkelhjelmar til skuleborn, bilbabysete-utleige, hjar-testartar og anna medisinsk utstyr til helsetenesta i Bokn, turar for eld-re, sosiale arrangement, fastelavns-ris, basarar, opplysningsverksemd og helseførebyggande arbeid i kom-munen.

Inger Sønnøve Bokneberg har også gjennom ei årrekke deltatt svært aktivt i støtte-arbeidet til andre lag. Ja-mennesket har ved å gi av overskotet sitt gjort ein stor innsats for kulturen i Bokn som mange har fått glede av".

**Prisen skal delast ut til hausten.**

# Distanserittet 2003

Kari Hetland



**Søndag 17. august gikk det årlige Dis-tanse-rittet i BORK's regi av stabelen.**

Sol fra skyfri himmel gjorde sitt til å sette en ekstra spiss på arrangementet. Folk hadde medbrakte campingstoler og fikk losjeutsikt over siste inn-spurtetappe. Det så ut til at folk koste seg i varmen denne ettermiddagen.

Det var mindre deltagere i år med 10 på-meldte sammenlignet med fjoråret som var over 40.

Arrangørene hadde merket seg at det var flere voksne menn som dette året hadde uteblitt fra rittet. Årsaken til deltagersvikten var at senior-NM

**Vinnerhesten var klubbens egen, Synnøve Odland (bildet) på Whirl Wind" (bildet), en flott araberhest.**

gikk av stabelen i Solør samme helga. Om det var få deltage-re så var de godt fornøyd med stevnet de som stilte til start.



Det lyktes og få noen ord med "gamle" Dyrlegen i Bokn, Hausken (bildet). Han var her for å sjekke hestene og se at de var skadefri etter endt løp. Når det var gjort var løpet godkjent. Det er pålagt at dyrlege skal være tilstede ved stevner.

Dyrlege Hausken arbeidet mange år i Bokn, han var her fra 1979 til 1990 og kunne fortelle om lange arbeidsdager i Bokn.

- Jeg var her før bruene kom. Da ble det mye venting og resultatet ble at jeg ble invitert inn til folk, og fikk etterhvert ganske godt kjennskap til Bokn, sa Hausken.



# Petra fritidsklubb informerer



Jardar Havikbotn



**NYTT STYRE:** fv. Kristiane Larsen Mikkelsen (innkjøpsansvarleg), Odd Kenneth Tollaksen (musikk-ansvarleg), Hanne Marte Vatnaland (aktivitetsansvarleg), Linn Sæbø (Pr.-ansvarleg/nestleiar), Veronika Sæbø (kasserar) og Emilie Moi Eikje (leiar).

Fritidsklubben har starta haust-semesteret og det er på sin plass å nemna fylgjande styrevedtak:

Petrakveldane er kvar fredag og kvar tredje onsdag i mnd. Fredagar er klubbtida kl. 20.00 - 24.00, onsdagar kl. 19.00 - 22.00.

Petra er for elevar frå 8. klasse. 6.- og 7. klasse kan vera med på onsdagar, samt at 7. klasse får vera med annakvar fredag til kl. 22.00.

Siste halvdel av skuleåret kan 7. klasse vera med kvar fredag til kl. 22.00.

Ellers er vaktlista for semesteret sendt ut og ser ut til å fungera godt.

**Slitasje**
Lydsperra på diskotekanlegget må reparerast. Inntil vidare fungerer ei førebels løysing, slik at ungdom-mane kan spela musikk utan å bli hørselsskadd. Flippespelet, Airhockey-spelet og DVD-spelaren i 2. etasje treng også overhaling.

Forhåpentlegvis er mykje i orden att når dette blir lese

Me har som mål at dei som går på Petra skal ha det kjekt saman i eit trygt miljø.

Lurer du på noko tar du kontakt med folk frå styret eller med underteikna.

## Seinsommarkonsert

Jardar Havikbotn



"Miro-enseblet" (gml. "Fylkesmusikarane") heldt konsert i Allrommet for folk på Dagsenteret, be-buarar og personal ved sjukestova 3. sept.

Lyttarane fekk høyra glade tonar frå barokken, songar av Grieg og operettemusikk frå Wien. Allsong var det også.

- Eit flott innslag av flinke utøvarar, sa aktivitør ved sjukestova, Julianne Nilssen, til Bygdabladet etter konserten.



# VELKOMMEN TIL BIBLIOTEKET

SMÅBARNSTREFF
KVAR TORSDAG
FRÅ KL. 10.00 - 12.00



**OPNINGSTIDER:**

| | |
|---|---|
| TIRSDAG | 09.00 - 13.30 |
| ONSDAG | 16.00 - 19.00 |
| TORSDAG | 09.00 - 13.30 |

**TLF. 52 75 25 45**

**E-POST: lognoey@bokn.kommune.no**

**Biblioteket takkar Bokn Sanitetsorening for boka av Tormod Aune om Fredrikke Marie Qvam, stiftaren av Norske Kvinner Sanitets-forening.**
**Boka er til utlån på biblio-teket.**




**BØKER SOM GIR DEG IDÉAR OG INSPIRASJON:**

Alfsen, Gerd:
Mal på bruksting

Bergene, Lise:
Lappegaver

Clifton-Mogg, Caroline:
Innred med farger

Conran, Terence:
Den store kjøkkenguiden

## LESETIPS FOR VAKSNE:

Fielding, Joy:
Løgner fra fortiden

Follett; Ken:
Fluktens vinger

Harris, Joanne:
Strandtyven

Enger, Cecilie:
Se i nåde

## LESETIPS FOR BARN/UNGDOM:

Aspås, Anne Berit:
Ved syrinen

Berg, Øyvind:
Livet i fjæra

Eliassen, Ruben:
Phenomena. Bok 2

Ersland. Bjørn Arlild Hansen:
Kjell Otto og fyret

Hansen, Thore:
Bobadilla brun og den udødlige makrelllen

Heggland, Johannes:
Det forunderlege

Klass, David:
Du kjenner meg ikke

Svingen, Arne:
De tøffeste gutta

Haugen. Tormod:
Prinsesse Klura og Pellus

Ryvarden, Leif:
Fugler på strand og eng

Uri, Helene:
Dråpen som fikk alt til å skje




**BIBLIOTEKET ER STENGT**

ONSDAG 17. SEPTEMBER
ONSDAG 24. SEPTEMBER

ONSDAG 1. OKTOBER OPE KL. 16.00 17.30



**VELKOMMEN TIL Å BRUKA INTERNETT!**

Daglege oppdateringar i nettutgåva.

# KULTURKALENDEREN

- nye arrangement/ forandringar blir utheva kvar gong -

SEPTEMBER
14. Bokn sundagsskule, Bedehuset kl. 10.30 - 11.15
14. NML på Bedehuset kl. 19.30
18. Bingo kl. 19.00, arr. Bokn musikkorps
21. Frelsesarmeen har kaffimøte på Bedehuset kl. 15.00
24. Alpha på Bedehuset
25. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
28. Gudsteneste kl. 15.00, hausttakkefest

OKTOBER
01. Alpha på Bedehuset
01. Eldredagen: fest for eldre på skulen
04. Seminar Bokn musikkorps' vaksenkorps, Bokn skule kl. 09.00 - 17.00
05. Gudsteneste kl. 11.00
05. Søndagsridning på Ognøy kl. 14 - 16, arr. BORK
Veke 41 Haustferie på skulen
08. Indre Sjømannsmisjon, basar kl. 19.30
